

Herleg komisk

På egne ben

Undheim revyteater
 • Originaltittel: You can't take it with you av Moss Hart og George S. Kaufmann
 • Omsett av Johan Borgen
 • Regi: Camilla Ystanes
 • Musikk: Ragnvald Wernøe



PIRUETT: Julie Øvestad, som Essie, i ferd med ein piruett. Her instruert av danselærer Madame Kolenkova, spelt av Inger Løvsløtt.



VELKOMST: Sjøstrene i huset gir ein komande svoger ein varm velkomst. Frå venstre: Julie Øvestad, Kristofer Jonsson og Henriette Hodne. Bak mor og far i huset, Marianne Kåstad og Sigve Aasland.

Det er fort gjort å gløyma at ein sit i Undheim samfunnshus. Innimellom er «dei Undheim» vel så gode som proffane.

MELDT AV:
JORUNN ERGA STEINSLAND
 | tekst og foto - jes@jbl.no

Me blir tekne med heilt inn i stova til Martin Vanderhof midt på 1930-talet. Her i stova er det fritt fram for dei aller fleste aktivitetar. Same kva som blir gjort, blir det gjort med ei veldig entusiasme.

Karakterane i stykket er stort sett veldig ein-sidede. Er dei entusiastiske, så er dei bare det. Er dei danseglade, så er dei det i alt dei gjer. Er dei opphengde i fyrverkeri, så smeller det rundt dei gjennom heile stykket. Amatørskode-

spelarane frå Undheim revyteater klarer på ein flott måte å halda på desse karakterane gjennom heile framsyninga.

Bare Marianne Kåstad sine ansiktsuttrykk, Julie Øvestad sine ballettrinn og stemmen til Jan Jonassen er verdt heile billettprisen åleine. Og bestefar i huset, Sigve Undheim, balanserer det heile og trekker dei ned på jorda når det trengs. Eigentleg kunne ein ramsa opp alle rolleinnehavarane. Dei er bare rett og slett herleg komiske, herleg kunstige, og herleg gjennomførte.

Skodespelarane er ein blanding av gamle travarar og heilt

ferske. Dette kan delvis merkast, men kva gjer vel det når alle replikkar sit som spikra, ansiktsuttrykka er lette å tru på, og humoren tek salen med storm. For det er ikkje til å koma vekk i frå at Undheim revyteater liker å spela komedie.

Smilet og gapskratten er nemlig aldri langt vekk frå dei 180 som har funne vegen til Undheim på premieren. Men når Alvoret treff handlinga, dett ikkje skodespelarane gjennom på nokon måte. Dei geleider publikum gjennom det triste og lagar gode overgangar mellom trist og glad stemning.

Heile stykket «På egne ben» (Originaltittel: You can't take it with you) utspeler seg i den same stova, og med ein familie som er langt frå A4. Her blir det øvt på xylofon og ballett. Det blir skrive



ALLROM: Stova i heimen til Martin Vanderhof kan brukast til det meste. Frå venstre: Sigve Undheim, Sigve Aasland og Julie Øvestad.

skodespel og samla på slangar, og i kjellaren lagar far i huset fyrverkeri.

I dette huset gjer alle det dei vil, utan at noko stiller spørsmål. Alt er like naturleg, heilt til ei av døtrene i huset forelsker seg i so-

nen til ein rik og snobbete forretningsmann, og inviterer foreldra hans med seg heim.

Tolkinga til Undheim revyteater skjemma absolutt ikkje historia, og har du tid og lyst, bør du skunda deg for det er utselt.

Heider til jubilanten

– Dei Undheim har greidd det igjen, skrytte ordførar Arnfinn Vigrestad etter framsyninga.

JORUNN ERGA STEINSLAND
 | tekst og foto - jes@jbl.no

Med seg hadde ordføraren ein sjekk til 20 årsjubilanten Undheim revyteater. «På egne ben» er nemlig den fjerde og siste i rekka av jubileumsframsyningar på

Undheim, og ordføraren var full av lovord.

– Arbeidet som blir lagt ned her står det all respekt og ære av. Her er lätt og løye, skjemt og alvor. Og eg har rekna på at så mange som 23.000 publikummarar har vore innom Undheim samfunnshus desse åra, sa Vigrestad til ein fullsett samfunnshussal.

– Eigentleg skulle sjekken vore blank, så kunne Helge (Lode) fylt i ein passende sum sjølv, men

sjidan økonomiplanen ikkje er vedteken ennå, så kan eg dessverre ikkje gjera det, smilte ordføraren, før sjekken byta hand.

– Det kjem godt med uansett, la ein fornøgd Helge Lode til.

SKRYT: Ordførar Arnfinn Vigrestad hadde både skryt og sjekk å overlevera til jubilanten Undheim revyteater, her representert ved Helge Lode.

